



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 18.10.og 19.10.2016

Møtestad: Konferanserommet

Møtetid: 09:00 - 15:00

Drøftingar av budsjett 2017 - økonomiplan 2017-2020

Mo 18. og 19. oktober 2016

Orienteringar som vart gjevne til kommunestyre den 22. 09.16 var lagt til grunn.

Program:

Møte formannskapet kl 09.00 -12.00

Lunsj Mobrygga kl 12.00 - 12.45

Møte formannskap kl 12.45 -15.30 (13.45 - 2.dag)

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Magne Verpelstad	kommunekasserar	Administrasjon	Til lunsj dag 2.
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
055/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
056/2016	Godkjenning av møtebok
057/2016	Referatsaker
058/2016	Orienteringssaker
059/2016	Uttale frå Modalen kommune - Høyring av søknad om endring av 300 (420) kV Modalen - Mongstad
060/2016	Tertialrapport nr 2 - 2016
061/2016	Kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde

Notat frå møtet:

Drøftingar av budsjett 2017 - økonomiplan 2017-2020

Ordførar innleia til ei drøfting av: " Kva har vi lyst å få til? " - "Kva skal vere våre politiske mål?"

Nærings- servicesenter på Mo

Gjere vedtak om oppstart før ferien 2017

Skreddersy eit bygg til våre framtidvisjonar for Modalen - lage eit bygg som er viktig for framtida

Skal vera viktig for og utformast i samarbeid med lokalt næringslivet - må spørje / ha møte med næringslivet

Er tilpassa vårt behov - skisseprosjektet "må takast ned" - må vere eit fleksibelt, enklare og nøkternt bygg

Fokus - kontorarbeidsplassar

Kommunestyre må vere tydleg på kva funksjonar som skal/ikkje skal vere med

Må velje ein veg frå ord til handling - ikkje utgreie/planleggje meir enn ein må

Administrasjonen lagar eit notat til kommunestyre for handsaming 10. november

Må få ein god diskusjon i kommunestyret : Ja - Nei

Turstiar /turveg

Turstiar på Nygard i samarbeid med hytteforenig / vellag

Turveg Helland - Mo - alternativ sykkelveg, lys-setting / lysløype for ski vinterstid

Øvre Helland

Tiltak for folkehelse, barn / unge. Samarbeid med idrettslag/vellag/grunneigarar

Modalstunet

Må føreta ei opprusting av fellesareala / stova
Opprusting av fleire bebuarrom kan vente
Nødvending anna opprusting/vedlikehald i høve drift

Utvide dagtilbodet ved Modalstunet

Omdisponere personell - tilpassa driftsopplegg inne og ute (heimebasert) - folkehelse/ trivselstiltak for heimebuande eldre

Nytt tomtetilbod på Mo

Skal ivaretakast gjennom planprosess for vedteken oppstart av mulighetsstudie

Camping / oppstillingsplass for bubilar nær sentrum

Etterspurt av reiseliv/ handel - bør vi lage ein forstudie?

Tilbod til barn og unge

Bruke krefter i eit aktivt ungdomsråd
Ta inn att delstilling (20%) på kulturbudsjett for aktivitetstilbod til mellomsteg i skulen - klubbkveldar

Ungt entreprenørskap

Tema i undervisning på skule - ta dette med i drøfting av Strategisk Næringsplan

Barnehagen

Opprusting av kjøkken

Uteområder Øvre /Helland og Mo

Oppfølging av oppstarta tiltak neste år - parkanlegg og område ved samfunnshus
Kan vellaga involverast ?

Mo skule

Opprusting av uteområde

Skytebane

Eit prosjekt som kommunen vil yte stønad til, men vert bygt i regi av skyttarlaget

Småbåthamna

Utvide anlegget som omsøkt til fylkeskommunen

Etterpå vart følgjande drøfta og kommentert av rådmannen:

Barnehage: vidarefører tilbod som i dag - legg framleis sal av plassar til grunn

Skule: vidare tilbod og utviklingsprosjekt som i dag - legg framleis sal av plassar til grunn

Sosial/barnevern: vidareført som i dag

Flyktningar: lokal oppfølging av tenester - avset tilskot til formål - 3 årig perspektiv

Helse: vidarefører tilboda - helsesøster ikkje heilt løyst - må vurdere vikarløysing lege om sommar

Kultur: nytt opptrykk av bygdebok bnd 2 (187.000 eks mva) - takast inn som småinvestering

Teknisk: styrkje bemanning / kjøp av tenester drøfta, brannvern - søkje tettare samarbeid med naboar

Rådmann: 50% utviklingssjef - delfinansiert 20% av næringsfond,
tal lærlingar - tek sikte på å auke dette, seniorpolitikk vert vidareført
Mo sokn søkt om auka tilskot med 3.5% frå 1.146.000

ROS-analyse: vil følgje opp ulike tiltak

Stipend skuleelevar: er ikkje evaluert og vert ikkje føreslege endra

Tannlege: avvente løysing med Masfjorden før ein tek stilling til dette

Økonomiske mål: netto driftsresultat ..% - årleg investeringsnivå x mill - gap i planperioden - årleg avdrag x million

Drøfting dag 2.:

Notat med oppsummering frå 1. dag vart gjennomgått.

Økonomisjef gjekk gjennom oversyn for inntekter, utgifter, førebels fordeling på rammeområder og saldering i økonomiplanperioden.

Følgjande vart særskilt drøfta:

- * Avdrag på eksisterande lån - held fast på kr 1.500.000 i planperioden som er over minimumskrav
- * Premiavvik pensjon - pronose for "inntekt" ført i rekneskap/budsjett
- * Eigedomsskatt - prognose nedgang i planperioden
- * Mål for driftsresultat - til seinare saldering av utgifter ved reduksjon i inntekter eller avsetning
- * Årleg ramme og handlingsrom investeringar
- * Småinvesteringar som vil ha innverknad på driftskostnader - rådmannen lagar liste med innspel frå einingar som også inkluderer framlegg rådmannen evt. ikkje har prioritert.
- * Vurdering av inntekter mot tidlegare rekneskaperfaringar
- * Mottak av flyktningar i 2017

Rådmann peika på utfordringar og konsekvensar med behov til nedtrekk av utgifter, som vil kome utover i planperioden, dersom prognose for eigedomsskatt slår til.

Vidare oppfølging:

Rådmannen utarbeider budsjettframlegg med utgangspunkt i dei signal som framkom i møtet.

055/2016: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Sak 60 Tertialrapporten vart gjennomgått og handsama første dag.
Sak 59 og 61 vart handsama andre dag.

Tilråding til kommunestyre vedkomande val av varamedlem til forliksråd vart handsama andre dag.

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

056/2016: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

057/2016: Referatsaker

Behandling:

Ordførar orienterte om korrespondanse med Fylkestannlegen

Ordførar og rådmann orienterte om avkorta prosjektutbetaling frå Hordaland fylkeskommune og behandling av ny søknad for 2015/16.

Samrøystes

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

058/2016: Orienteringssaker

Behandling:

Nordhordland kammermusikkfestival

Ordførar orienterte om møte med representantar for Nordhordland kammermusikkfestival der planar for eit konsertprogram med tema omkring Olav Nygard var drøfta.

Ordførar følg opp kontakten med initiativtakarane.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

059/2016: Uttale frå Modalen kommune - Høyring av søknad om endring av 300 (420) kV
Modalen - Mongstad

Behandling:

Ordførar orienterte om saka

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune syner til høyringsbrev frå NVE datert 23.09.2016.

Modalen kommune har ikkje merknader til omsøkte endringar frå BKK Nett AS slik dei framgår av søknad.

060/2016: Tertialrapport nr 2 - 2016

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om rapporten

Samrøystes

Vedtak:

Rådmannen rår til at tertialrapport nr 2 vert teken til orientering, med slike justeringar:

Budsjettramma til rammeområdet Teknisk etat vert auka med kr 50 000 med overføring frå Formannskapet sin løyving på kr 50 000 på lista «småinvesteringar

Løyving til investeringsprosjekt Kommunale bustader, rehabilitering vert redusert med kr 150 000.
Løyving til rammeområdet Teknisk i driftsbudsjettet vert auka med kr 150 000.

Rammeområdet for kultur vert auka med kr 150 000 finansiert med auka eigedomsskatt.

061/2016: Kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 9-1 vert framlegg til interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde med plankart og temakart, datert 07.09.2015, vedteken med desse endringane ;

1. I kap. 9, skal det leggest til eit nytt 2 avnitt ; *«Alle nye tiltak i planområdet skal vurderast med tanke på kva konsekvensar tiltaket vil kunne medføre for villreinstamma. Ved søknader om tiltak, der det er tvil om verknadane for villreinen, skal «føre- var prinsippet» leggest til grunn for vedtaket.*

2. Kap. 7 skal få eit nytt siste avsnitt; ***Klimaendringar og moglege følgjer for villreinbestanden.***